



Saksprotokoll

Organ: Fylkestinget

Møtedato: 04.12.2018

Sak nr.: 18/8055-14

Internt l.nr.: 54659/18

Sak: 47/18

Tittel: **Godtgjersle til dei folkevalde - endring av reglement**

Behandling:

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Fylkestinget endrar punkt 1.6 i reglementet «Arbeidsvilkår for folkevalde», slik at det vert opna for å gjere unntak frå regelen om reduksjon i den faste godtgjersla for fråvær som skuldast sjukdom. Sjukdomen må kunne dokumenterast

Fylkestinget endrar punkt 1.6 til følgjande:

For folkevalde som deltek i mindre enn 2/3 av dei møta utvala har i løpet av kalenderåret, skal den faste godtgjersla reduserast med 50 %. Fråvær som skuldast sjukdom, og som kan dokumenterast, skal ikkje telje som fråvær i denne samanhengen. Godtgjersle vert i alle høve ikkje gjeve utover perioden den folkevalde er vald for.

2. Endringa får verknad for heile fylkestingsperioden 2015-2019.

----//----

Fylkestinget fann Hilmar Høl inhabil til å delta ved handsaminga av saka, jf. forvaltningslova § 6 andre ledd. Marie-Helene Hollevik Brandsdal tok sete i tinget som vararepresentant for Høl.